



1-60 Hjartestartar

1 Formål

Prosedyren skal sikre riktig bruk og vedlikehald av hjartestartar.

2 Bruksområde

Prosedyren gjeld for bruk av hjartestartar på utrykkingar og vedlikehald av hjartestartar.

3 Definisjonar

Hjartestartar er eit apparat som ved hjelp av to elektrodar klistret på brystet kan gje eit eller fleire straumstøt gjennom hjartet ved hjartestans.

Hjartestans er ein tilstand med opphøyr sirkulasjon av blod i kroppen. Hjartestans skuldast oftast ein kraftig reduksjon i eller opphøyr av hjartet sin pumpefunksjon, men kan også skuldast forhold utanfor hjartet som gjere at hjartet ikkje får pumpa tilstrekkeleg med blod, som ved eit stort blodtap.

4 Ansvar

Mannskap - utrykkingsleiar

5 Framgangsmåte

Bruk av hjartestartar ved hjartestans

- Ring 113 dersom dei ikkje allereie er varsla
 - o Ved hjartestans er det viktig å få tidleg hjelp
- Start Hjarte- lungeredning (HLR) så raskt som mogleg
 - o 30 kompresjonar og 2 innblåsingar.
 - o Ved drukning/kvelning start med 5 innblåsingar.
 - o Start alltid med 5 innblåsingar på barn.
- Be om hjelp
 - o HLR er tungt og krevande. Det er derfor ein fordel om ein er fleire.
- Slå på hjartestartaren og følg hjartestartarens rettleiing
- Plasser elektrodane på bar hud som vist på teikning
- Fortsett med HLR til elektrodane er plassert og hjartestartaren er klar til å analysere hjarterytmten
- Hjartestarteren ber deg om å stoppe HLR når den analyserer hjarterytmten, når den ladar og skal gje støt.
- Dersom personen har sjokkbar hjarterytmte vil hjartestartaren anbefale at du trykker på sjokknappen slik at straumstøt utløysast.

Hjartestartaren vil be deg om å stoppe HLR kvart tredje minutt for å analysere hjarterytmten på nytt.

Fortsett med HLR til ambulansen kjem, eller du ser sikre teikn til liv, som at personen begynner å puste normalt, vaknar, åpnar augene eller begynner å bevege seg.

- Hjartestartar skal alltid koplast på og brukast i lag med god HLR.

**Bruk av hjartestartar ved hjartestans hos barn**

- Hjartestartar skal også nyttast ved hjartestans hos barn, men den vanlegaste årsaka til hjartestans hos barn er oksygenmangel, og i slike tilfeller er det sjeldan ein hjarterytme som kan behandlast med et straumstøt. Det viktigaste er derfor god HLR, men hjartestartar skal koplast til.
- For små barn under 30 kg (ca. 8 år) finns det barneelektrodar eller barnemodus med innstillingar som regulerer ned straumstyrken.
- Dersom det ikkje er barneelektrodar eller barnemodus tilgjengeleg, kan du i samråd med 113 bruke dei vanlege elektrodane – også hos dei aller minste.

Debriefing og defusing

Defusing og debriefing skal utførast etter rutine BRE. 1-2 Debriefing og defusing

Vedlikehald av hjartestartar

- Sjekk at alt innhald er i veksa
 - o Elektrodar (2 sett).
 - o Alkoholserviettar
 - o Eingangs barberhøvel
 - o Saks
 - o Bruksanvisning

Ved mangel av innhald – skaff nytt


- Sjekk haldbarheitsdato på elektrodane.
 - o Elektrodar har normalt ei haldbarheit på ca 2 år
- Sjekk haldbarheit på batteri
 - o Batteri i hjartestartarar har ulik haldbarheit (4-7år)
- Sjekk at det er straum på startaren.



6 Referansar

RETNINGSLINJER 2015

Hjerte-lungeredning til voksne






RETNINGSLINJER 2015

Hjerte-lungeredning til barn

Se etter tegn til liv

Se etter tegn til liv:
Rist forsiktig i skuldrene
Rop høyt



Hvis ingen reaksjon


Hvis ikke tegn til liv, rop på hjelp og ring 1-1-3, sett på høyttalerfunksjon. (Er du er alene - gi HLR i 1 minutt før du ringer 1-1-3)

Hvis tegn til liv, legg barnet i sideleie og kontroller pusten regelmessig

Åpne luftveien og sjekk pusten


Åpne luftveien:
Se, lytt og føl etter normal pust
Bruk maks 10 sekunder

BARN UNDER ETT ÅR



Hold hodet i nøytral stilling og løft haka fram

BARN OVER ETT ÅR



Bøy hodet bakover og løft haka fram


Hvis du tror barnet ikke puster normalt eller er usikker, start innblåsing

Hvis barnet puster normalt, legg barnet i sideleie og kontroller pusten regelmessig


Hvis bevisstløs og unormal/ingen pust

Gi 5 innblåsing

Gi innblåsing:
Blås til brystkassen hever seg



Munn-til-munn-og-nese



Munn-til-munn


Hvis brystkassen ikke hever seg: Gi 5 nye innblåsing.

Hvis brystkassen fortsatt ikke hever seg: Åpne munnen og se etter fremmedlegeme. Ta det forsiktig ut!


Hvis barnet fremdeles ikke puster

Start HLR: 30 brystkompresjoner og 2 innblåsing

Start HLR 30:2
(Helsepersonell: 15:2)
Følg rådene fra 1-1-3



Sett to fingrer midt på brystet



Sett håndroten midt på brystet

Hvis du fortsatt er alene etter 1 minutt

Skaff hjelp

Hvis barnet fremdeles ikke puster, start brystkompresjoner og innblåsing

Trykk brystet ned ca. 1/3 av brystkassens dybde i en takt på 100-120 pr minutt

Fortsett med 30:2 til du får hjelp eller barnet begynner å puste selv



7 Vedlegg

8 Kryssreferansar